

Referat til møte i SMU/SU

19.03.26 kl 18.00- 19.00 på Kleppelunden skule

Tilstades :

Olaug Hadland, lærar skule

Sigrund Serigstad, tilsett skule/SFO

Olav Lura, leiar FAU skule

Vegard B Snoksrud Stokland. Politkar og vara for Bent Horpestad

Kariann F. Leikanger, rektor

Elev frå elevrådet: Live og Malin

Fråvær:

Pål Pollestad, FAU / leiar SU

May Lende, lærar skule

Bent Horpestad, politkar

Malin , elev frå elevrådet

Saks- nummer	Saksliste:	Forslag til vedtak:
Sak 1/26	Godkjenning innkalling	Innkalling vart godkjent.
Sak 2/26	Trygt skulemiljø Rektor og elevar frå elevrådet informerer litt om elevundersøkinga på 6 og 7 trinn. Endringar på 6.trinn, har miksa klassane frå vinterferien. Betre miljø, meir læring og arbeidsro. Det arbeides med oppfølging av ordensregler på Kleppelunden Vi har laga konsekvenstrapp som viser rekkefølgen i handtering av brudd på ordensreglar. (ligg nedst i referatet) Blir kort gjennomgang av dette på foreldremøtet neste veke.	Saka vart tatt til orientering.
Sak 3/26	Elevrådsarbeidet	Saka vart tatt til orientering.

	<p>Elevane frå elevrådet informerer om saker elevrådet arbeider med</p> <p>Spørsmål om vi lage side på heimesida til ELEVRÅDET</p> <p>Rektor ordner dette.</p>	
Sak 4/26	<p>Trafikksikkerhetsplan</p> <p>Skulen har utarbeidd ein plan for trafikksikkerheit. Dette har vore ei oppgåve frå administrasjonen. Alle skulane skal gjere dette.</p> <p>Innspel om vi har risikovurdert droppsonen, dette kan ein gjere når planen vert revidert.</p> <p>Bli lagd ut på heimesida vår.</p>	Saka vart tatt til orientering.
Sak 5/26	<p>Politikaren sine minutt</p> <p>Fokus på lesing – for mange elevar på mestringsnivå 1, over 40% av 5.trinns elevane.</p> <p>Fau har fått inn biblioteket som skal fortelle om viktigheten av lesing heime.</p> <p>Temadag Jærskulen – Leik i skulen er tema</p>	Saka vart tatt til orientering.
Sak 6/26	<p>Personalsituasjonen</p> <p>Informasjon om fråvær og endringar av tilsette.</p> <p>Rekruttering til neste skuleår</p> <p>Vi har hatt svært høgt fråvær og dette skuleåret, og har knytta til oss Nav arbeidslivsenter. Dei er med oss for å sjå om det er noko vi kan gjere for å redusere sjukefråværet. Sjukefråværet har gått ned denne månaden, og det ser ut til å gå ytterligare ned etter påske når vi ser på sjukmeldingar.</p> <p>Vi brukar den eine avdelingsleiaren som kontaktlærer, og sparer derfor denne lønna fram til sommaren. Det vert sjølvsagt mykje ekstra arbeid på resten av leiinga, men det er til det beste for elevane, og derfor har vi vald denne løysinga.</p> <p>Vi har tilsette som skal i svangerskapspermisjon, og tilsette som ønsker eit ekstra år heime med små barn.</p> <p>Vi har og lærarar som skal gjere noko anna eit år, og får permisjon.</p> <p>Vi har tilsett 5 nye lærarar, 3 i fast stilling og 2 i vikariat. Svært fornøyd med desse tilsettingane.</p> <p>Nokre av lærarane vi har i vikariat vil få tilbud om eit år til. Miljøpersonell veit vi ikkje heilt sikkert ennå om vi treng fleire.</p>	Saka vart tatt til orientering.

Sak 7/26	<p>Økonomi Informasjon om nytt budsjett</p> <p>Vi er blitt lova ekstra ressursar for stjerneelevar, som er elevar som er fødd med ekstra store hjelpebehov. Dette vil hjelpe på i budsjettet vårt. Vi håper på å kunne dekke opp iallefall to tilsette med desse ekstra midlane. Sidan vi ikkje veit ennå kor mykje vi får, er det vanskeleg å seie om vi kjem til å gå i balanse ved årsslutt, men det er utgangspunktet vårt. Vi brukar store ressursar på elevar med ekstra behov.</p>	<p>Saka vart tatt til orientering.</p>
Sak 8/26	<p>Forslag om endring av dagsrytme neste skuleår. Vi har søkt om nye tider hos Kolumbus. Får svar etter påske. Det er endring onsdag og fredag for 1-4.trinn Vi ønsker 4 korte dagar for dei minste, med bare måndagen til kl 14.00, og dei andre dagane til 12.45 og 13.10. Dette vil vere godt for dei minste elevane, og vil antakelig vere positivt for SFO, med litt større spredning av elevane på ulike dagar.</p> <p>Forslaget er: Måndag : 08.10 - 14.00 Tysdag 08.10 - 12.45 Onsdag 08.10 - 12.45 (1-4tr) og 14.00 (5-7tr) Torsdag 08.10-12.45 Fredag 08.10 - 13.10</p>	<p>Saka vart tatt til orientering</p>
Sak 38/25	<p>Praksis-skule frå 2026 Kleppelunden skule har søkt og fått innvilga at vi skal vere praksisskule frå hausten 2026. Avtalen gjeld for 4 år.</p>	<p>Saka vart tatt til orientering.</p>
Sak 39/25	<p>Eventuelt</p> <p>Neste møte:</p> <p>04.06.26 kl 18.00 (FAU-møte etterpå)</p>	

Mvh Kariann F. Leikanger

Rektor Kleppelunden skule



Konsekvenstrapp

Konsekvenstrappa er ei hjelp for oss i situasjonar når elevar bryt reglane, viser dårleg åtferd i friminutt, frileik, overgangar, timar og leikeøktar.

Alle tilsette må gjera seg kjende med skulen sine planar for trygt skulemiljø og ordensreglar. Dersom ein er bekymra for at ein elev ikkje har eit trygt skulemiljø, slår aktivitetsplikta inn. Då skal du alltid melda det til rektor/avdelingsleiar.



Alle tilsette som ser situasjonen korrigerer åtferda kvar gong. Minn elevane på reglane på skulen, desse skal vera kjende for elevane. Den tilsette i situasjonen gir beskjed til kontaktlærer. (munnleg/teams)

§ 5. Reglar for åtferd

Gjennom alminneleg god åtferd skal elevane i Kleppskulen bidra til å skape trygge og inkluderande skulemiljø.

Det er god åtferd å:

- a. Bidra til eit godt læringsmiljø for deg sjølv og andre.
- b. Behandle medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt.
- c. Rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette.
- d. Vise respekt for skulen og andre sine eigedelar.
- e. Vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av digitalt utstyr.

Åtferd som ikkje blir akseptert:

- a. Utsetje andre for mobbing og trakassering eller på andre måtar krenkje andre.
- b. Kjem for seint gjentatte gonger eller skulkar.
- c. Bruke mobiltelefon, smartklokke og liknande i skulen og SFO si opningstid.
- d. Jukse eller forsøke på å jukse på prøver eller andre vurderingssituasjonar.
- e. Bruke sykkel, el-sykkel, moped, skateboard, sparkesykkel eller liknande på skulen sitt område i skule- og SFO-tida. Skule og SFO kan gjere unntak, dersom det føreligg sosiale, helsemessige eller pedagogiske omsyn.
- f. Ta eller dele bilete, film eller lydopptak av andre elevar eller tilsette utan samtykke.
- g. Å banne eller bruke grovt språk.
- h. Å forlate skulen sitt område utan løyve.
- i. Ha med eller bruke energidrikk, rusmiddel, tobakk eller snus.
- j. Ha med eller bruke farlege gjenstandar som kan vera til skade for andre.